



Blautkorallar og tareskog

Lurefjorden og Lindåsosane

Lindås, Austrheim og Radøy

I verdssamanheng er dette eit unikt fjordsystem, og heilt spesielle artar har teke bustad her. Sterk straum gjennom sunda gir gode vilkår for tareskog og blautkorallar.


I Lurefjorden dominerer kronemaneten heile næringskjeda og vi finn store mengder av ishavsåte. Lindåsosane har grunne sund som avgrensar vasstraumen frå fjordsystemet utanfor og gjer botnvatnet oksygenfritt. Lindåsosane husar også ein heilt eigen sildestamme, som lev heile sitt liv innafor pollane.

Steinkobbe (*Phoca vitulina*)

Korsfjorden

Sund, Austevoll, Os og Bergen

Korsfjorden er blant dei mest utforska kystområda her til lands. Kandidatområdet består av eit fjordbasseng med djupne ned til 700 meter og kystområda vest for Sotra. Naturen her er rikhaldig, med variert undersjøisk topografi og eit stort mangfold av naturtypar. I dei opne kystområda finn vi store tareskogar med eit imponerande dyreliv. I fjorden er det bratte fjellveggar dekorerte med flotte korallar og svampar. Dette gjer at området er særskilt rikt på marine organismar og har høg verneverdi.

Sjøkreps (*Nephrops norvegicus*)

Ytre Hardangerfjord

Tysnes, Kvinnherad og Stord


Ytre Hardangerfjord er heim for mange heilt spesielle og verneverdige artar. Mellom anna finn vi korallrev, svampenger og arktiske artar som lofotsjølilje og hornkorallar. Kandidatområdet er eit særegent fjordsystem. Det strekker seg frå fjordterskelen som er ein artsrik og spesiell morenerygg ned til fjordbotnen. Det er spesielt gradienten frå morenen og ned til blautbotnen på større djup (>500 m) som gjer området høg verneverdi. I fjorden lever mellom andre sjøkreps, brisling og torsk.

Vegen mot marint vern

Variert skjergard med tareskog, skjelsand, djuphavskorallar og svampar. Dette er unike marine miljø som vi har mykje av i Hordaland. Til no har vi ikkje sikra slike naturtypar for framtida i Noreg. Målet vårt er å gjere nettopp dette, på same måte som vi har verna om naturtypar på land. Dei marine miljøa i Hordaland er dei mest artsrike i landet.

Fylkesmannen i Hordaland sender framlegg om vern av tre marine kandidatområde på høyring våren 2015. Framlegget leiar fram til ei verneforskrift som til slutt skal vedtakast av Kongen i statsråd. Alle berørte partar vert oppmoda om å ta del i høyringa.

Våre tre kandidatområde for marint vern i Hordaland vert presenterte her.



Fylkesmannen i
Hordaland

For meir informasjon sjå:
www.fylkesmannen.no/marintvern

Miljøvern- og klimaavdelinga, Fylkesmannen i Hordaland

Alle foto: Espen Rekdal. Bakgrunnsbilete frå Torgeir Kaarbø.
Produsert av Astrid Bakke Haavik ved Fylkesmannen i Hordaland, 2015.



Fylkesmannen i
Hordaland

Marint vern i Hordaland

Eit forslag til vern av dei
skjulte skattane i
Vestlandsnaturen